

MAI-RUTINA

Om oppgåvene for partiet framover

Direktiv i samband med valkampen

Proletariseringsdiskusjonen

KK-abonnementar

Oppsummering av grunnkurs II

Neste rutine

Oslo 25/4 1975

Organisasjonsutvalet

INNLEIING OM OPPGÅVENE FOR PARTIET FRAMOVER

Hovedsakene i klassekampen vil og i tida framover vera frigjeringskampen i Indo-Kina og dei politiske oppseiingane på Hamnerverk i Stavanger. Partiet må arbeide mykje og godt med begge desse sakene, vi kan ikkje prioritere ned nokon av dei.

I Indo-Kina lid USA-imperialismen eit strategisk viktig nederlag. Kampene er ein stor siger for folkekrigen og eit nederlag for "den fredelige vegen". Frigjering i den 3. verda kvessår til kampen mellom supermaktene - valplassen vert mindre. Vi må propagander~~4~~ for folkekrigen og revolusjonen. Her i landet er Indo-Kina brukt til eit svært reaksjonært oppkjør - DNA/LO har stilt seg i fremste linje med m.a. innsamlinga til CIA-juntaen. SV-formannen er med på "humanitære" initiativ og SV dekker Sovjet så godt dei kan (eks. Kambodsja).

Vi viser til tidlegare direktiv om solidaritetsarbeidet. Vi vil streke under at kampanja for å anerkjenne PRR og GRUNC fortsett - vi må fortsatt prioritere arbeidet med underskrifter høgt.

Oppseiingane på Hamnerverk i Stavanger er eit slag retta mot heile arbeidarklassen - den fyrste oppseiinga var klårt politisk og dei andre vart oppsagte fordi dei protesterte mot det fyrste overgrepet. Dette er slett ikkje berre retta mot kommunistane, men mot alle klassemedvetne arbeidarar som ikkje vil la borgarane ture fram som dei vil. Klassekampen vert kvassare både i landet og internasjonalt og vi står framfor dårlegare tider i "næringslivet". Oppseiingane ved Hamnerverk er ein del av den reaksjonære offensiven for å knekke kampvilja - utfallet av kampen er viktig for alle dei nye oppseiingane som vil koma som erter av ein sekk. Som vanleg står DNA og forbundsleiinga heilt på linje med bedrifta i denne saka - vi må bruke denne kampen til å vise at bedrifta og DNA er to sider av same sak. SV støtter kampen i ord, men er som vanleg ikkje villige til aksjon - det finst døme på at dei går mot å ta saka opp i fagforeiningar, går mot støttekomitear osv.

Vi må innstille oss på at denne saka vil bli langvarig - det går mot stevning og rettsak mot bedrifta for ulovlege oppseiingar.

DIREKTIV:

1. Støtteparolar for Hamnerverkarbeidarane skal inn i alle 1.mai-tog.
2. I samband med innspurten i 1.mai-mobilisering og på sjølv 1.mai skal det samlast inn pengar i stor stil. Det må og leggast vekt på å få folk til å binde seg for faste vekebidrag.
3. Støttekomitear skal startast anarast råd er og seinast rett over 1.mai. Ta utgangspunkt i dei førre støttekomiteane og i Fagleg 1.mai Front.
4. Alle partiavdelingar og distrikt skal sette seg målsettingar for faste vekeinnbetalinger.
5. Forslag om resoulisjon og bevilgning skla reisast i alle fagforeiningar og andre masseorganisasjonar vi er med i.
6. Alle partiavd. skal spreie prop., frå dei streikande og frå partiet.

DIREKTIV I SAMBAND MED VALKAMPEN

1. Alle partiavd. skal gå i spissen for å opprette RV i mai (arten ein stiller liste eller ikkje). Valkamgrupper skal opprettast der det vil gjera arbeidet lettare.
2. Landskonferansen vil verte innkalt gjennom eit førebels RV-nett. Laget/RV-gruppa vil få delegatar, bør vera medlem/partilause. Valde medlemmar skal møte på uformell samankomst laurdag kveld. Konferansen er ikkje strengt illegal, slik at dei som kjem må vera offentleg kjende representantar for partiet og dei partilause.
3. Økonomiansvarleg i RV skal vera ein betrudd partikamerat. Alle innsamla midler skal sendast til Kampfondet. Dersom ein vil gå ut over godkjende budsjetttrammer, skal det godkjennast sentralt.
4. 2 eks. av all trykt propaganda i valkampen skal sendast til RV-kontoret - skriv på namnet på trykkeriet.

ROLETARISFRINGSDISKUSJONEN

Gjennomarbeidd materiale til denne diskusjonen er ikkje ferdig.

KK--ABBONNENTAR

Mange har bede om å få utskrift frå abonnentsarkivet til KK. Det er vedteke at like utskrifter ikkje vil bli utlevert. Frunngjeving kjem seinare.

OPPSUMMERING AV GRUNNKURS II

I henhold til årsplanen skal alle styrer i løpet av vinteren ha utviklet grunnkurs II. I forbindelse med at skoleringsarbeidet skal dekkas opp også under neste årsplan, ber vi styret svare på følgende spørsmål.

1. Er grunnkurset gjennomført, evt. hvor mange møter er gjennomført.
2. Hvem har deltatt i studiene (ikke navn)
3. Mener styret at kurset skoleringsmessig har ført til resultater i form av økte teoretiske kunnskaper.
4. Har styret viktig kritikk av kursopplegget
5. Har styret forslag til videre opplegg av partiets skoleringsarbeid.

Svarfrist er 1.juni.

NESTE ROUTINE

OU vil ikkje sende ut ordinær juni-rutine (TF går som vanleg):
Neste rutine vil innehalde materiale om årsplanen 75/76 - nøye tidspunkt er det ikkje muleg å sette nå.